



## NOTAT

### Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa  
Frå: Prioriteringsrådet  
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:  
Erlend Otterå / 91737731  
Vår dato: 19.04.2024

## Sak 28/24 Indikator for arealutvikling, besøks- og arbeidsplassintensiver arbeidsplassar

### Bakgrunn

I tråd med Byvekstavtalen skal kommunane rapportere på indikatorar for arealutvikling. I indikatorrettleiaren, som er eit vedlegg til avtalen, står det:

*For oppfølging av innsatsområdet areal skal det rapporteres på følgende indikatorer:*

- Boligenes avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkter. Presisering: Nye boligers avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkt, sammenlignet med totalgjennomsnittet i referanseåret for byvekstavtalen.*
- Besøks-/arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkt. Presisering: Nye besøks-/arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkter, sammenlignet med totalgjennomsnittet i referanseåret for byvekstavtalen.*

På begge desse indikatorane skal det rapporterast annakvart år.

Medan det har blitt rapportert på indikator for bustadar tidlegare, har det hittil ikkje vore rapportert på besøks-/arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkt. Dette har bakgrunn i at det har mangla ein omforent metodikk for denne indikatoren. Sekretariatet har, i samarbeid med Vestland fylkeskommune, utarbeidd eit forslag til metode, som bygger på same prinsipp som indikatoren som vart utvikla for bustader. Metoden har blitt presentert for Vegdirektoratet, og har fått tilslutnad der.

### Metodikk for rapportering av indikator

I samanheng med årets rapportering på måleindikatorar, har det blitt etablert ein metodikk for å måle besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til avtaleområdets større sentra/store kollektivknutepunkt. Indikatoren skal målast annakvart år, der første

måling viser nye arbeidsplassar i perioden 2022-2023. Den vil bli presentert saman med dei andre indikatorane i årsmeldinga for 2023. Metodikken det er lagt opp til gjer det mogleg å hente ut data tilbake i tid, slik at ein kan samanlikne tala med referanseåret 2018.

## Om metoden

Besøks- og arbeidsplassintensive arbeidsplassars avstand til større sentra blir målt ved hjelp av bygningsdata frå matrikkelen. Gjennomsnittleg avstand i alle arbeidsplassar i referanseår 2018 blir samanlikna med gjennomsnittleg avstand til nye arbeidsplassar i kvar to-årsperiode. Bygningstypar er avgrensa til 300-, 500-, 600- og 700-serien i standard for bygningstypar (<https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/31>).

Arbeidsplassar som er lokalisert i kombinasjonsbygg (til dømes i større bustadkompleks der første etasje brukast til næring) er også inkludert. Store bygg, som dermed har potensiale for fleire tilsette/ besøkande, blir vekta høgare enn mindre lokale ved at ein måler gjennomsnittleg avstand til større sentra per kvadratmeter bygningsareal.

For å skilje mellom nye og eksisterande bygg, tar ein berre med bygg som fekk midlertidig bruksløyve eller ferdigattest i den gjeldande perioden. Det er ei utfordring at ein då kan risikere å få med eldre næringsbygg som ikkje har fått midlertidig bruksløyve eller ferdigattest før no. Derfor blir bygg med bygesak som er eldre enn 10 år ekskludert, då ein reknar med at desse er eksisterande bygg som har mangla ferdigattest . Dette er med på å redusere noko av usikkerheita i tala.

Vestland fylkeskommune har gjennomført målinga i år på vegne av kommunane, slik dei også har gjort med indikatoren for bustadar tidlegare.

Sjå vedlegg 4 Årsmelding 2023 for illustrasjon av indikatoren.

## Forslag til vedtak

Styringsgruppa for Miljøloftet tek saka til orientering.